Orda over tilhører folkloristen Moltke Moe, som skreiv dei om sitt fyrste møte med Draumkvedet – som nok ein gong blei framført i Storetveit kyrkjelyd på trettandags jul.

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR

Draumkvedet er Noregs einaste såkalla visjonsdikt; forteljingar om ferder til den andre sida, og er slik i slekt både med «Den guddommelege komedien» av Dante Alighieri (1265-1321), det irske Tundals visjon (1349) og det islandske Sólárljóð (Solsongen) frå 1200-talet.

Diktet fortel om Olav Åsteson, som la seg ned på julekvelden og fall i djup søvn. Trettandags jul vaknar han medan folk er på veg til kyrkja. Medan han sov, har han sett livet etter døden, korleis synder vert straffa, og fått ein glimt av Himmelriket. Olav rir difor til kyrkja for å fortelja om det han har sett.

Ein veit ikkje kven som har skrive Draumkvedet eller når det blei til, men innhaldet tyder på at det må ha oppstått før reformasjonen kom til Noreg (1537). Sidan har det overlevd via ein muntleg kvedartradisjon i Telemark, heilt fram til brotstykket blei nedteikna av ivrige folkeminnegranskarar – blant andre Jørgen Moe.

«EN SUNKEN TID»

Ein av sønene hans, Ingebret Moltke Moe (1859-1913), var Nordens første professor i folkloristikk, og tok på seg oppgåva med å setja saman ei samanhengande utgåve av Draumkvedet. Han skriv sjølv om sitt første møte med det mektige visjonsdiktet – i «*en fattig husmandsstue høyt oppe i en avdal*», der ei gamal kvinne sat ved grua og sang.

«Det var som jeg så ind gjennom torv og sten til en sunken tid, en tid med oprindelig og dimensioner av vidunderlig enkelhet. Men så fjern, så fjern. Den gamle sat for mig som en attegloyme fra længst henfarne dager».

Slik kjennes det også i vår tid, og difor passar det bra at årets kvedar, Lajla Storli frå Kvalvik i Hardanger, startar framføringa i Storetveit kyrkje med å lesa opp Moes poetiske ord. Då har me allereie blitt sett i den rette stemninga gjennom tre gamle musikkstykket, framført av Steinar Ofsdal på fløyte og Espen Wensaas på det bouzouki-liknande strengeinstrumentet *cittern*.

Ofsdal opnar med sjøfløyte-slåtten «Huldra spelar inni fjellet» etter Torbjørg Fykerud, deretter får me to duettar mellom dei to musikarane: «Lamento di Tristano» (ein italiensk melodi frå 1200-talet) og den noko meir kjende «Quand je bois du vin clair» (ein såkalla fransk «tourdion» frå renessansen) – den fyrste melankolsk og nedstemd, den andre lys og dansande. Slik har dei allereie gjeve oss ei fin ramme å setja Draumkvedet inn i; dette er musikk og ord som vekslar mellom lys og mørke, godt og vondt, glede og sorg.

«SÅLE-MIKKJEL BLES I LUREN»

For Olav Åsteson har som nevnt vore på ei draumereise inn i Dødsriket, der han har sett alle sider av jordelivet, samt korleis gjerningane våre på denne sida blir løna når «*tunga talar, og sanning svarar på domedag*». Den nesten fullsatta kyrkja blir

dregen med i diktet nesten frå fyrste stund, i og med at publikum blir oppmoda til å syngja med på refrenga – ja, det er nesten så veggen mot fortida blir løfta vekk, medan dei tre folkemusikarane tek oss med tilbake til tida då diktet blei til.

Lajla Storli syng den noko gamalmødige teksten med klår diksjon, utan at eg heilt klarar å leva meg inn i det tekstleige. Det er meir stemninga, måten dei tre musikarane vev seg inn og ut av den repeterande songen, gjev plass til kvarandre og let diktet pusta.

Slik får me både klagande fløytespel og djupe celloonar frå Ofsdal og lyriske strengparti frå Wensaas – som mot slutten byter frå cittern til mandolin. Innimellom syng Storli utan musikalsk følgje, klårt og skinande, nokon gongar i duett med Ofsdals mørke tenor.

Så skiftar diktet både i kraft og intensitet, det er som om det byggjer seg opp mot eit klimaks. Ofsdal bles i eit bukkehorn – medan Storli kvedar at «*sankte såle-Mikkjel, han blæs i luren lange*». Og såle-Mikkjel, det er erkeengelen Mikael, som på domens dag skal vege sjelene på vekta si.

Ofsdal legg bogen på celloen og gjev oss nokre alvorstunge drone- tonar. «*Tunga talar, å sanning svarar på domedag*» syng dei saman, før Storli avsluttar med ei dobbeltbotna oppmoding til oss alle: «*Statt upp Olav Åsteson, du som heve sovi so lengje*». For draumeverda; liknar ikkje den litt på det vakne livet?

DOMMEN OVER OSS SJØLVE

– Det er mange ting du kan dra inn på innhaldet i Draumkvedet også i vår tid, seier Lajla Storli til Menighetsbladet etter konserten, og etter at dei tre musikarane har fått både ståande applaus og blomar.

– Diktet handlar mykje om gode og vonde gjerningar. Dette òg kan stå som bilete på at me dømer oss sjølve hardt. Me held jo reine dommedag over oss sjølv når me seier at me synest at me ikkje er flinke eller gode nok.

– *Me snakkar oss sjølv ned?*

– Ja, så kanskje me kan bruke Draumkvedet som ein lede- tråd til å vere litt snillare med oss sjølv.

– *Eg likte at dåke gjorde det dramatisk på slutten – med desse langstrakte cellotonane, seier eg.*

– Ja, eg måtte lage litt helvete, smiler Steinar Ofsdal, som seier seg særns nøgd med publikum.

– Berre det at dei tok denne ikkje-metriske takten – at det eigentleg er ein snakkerytme i songen – dei var så med på det, seier han, med henvising til allsongen på refrenga.

OPPHAV I MUNTLEG TRADISJON

Ofsdal forklarar at kveding er ei muntleg forteljarform, der melodien forandrar seg etter som teksten er lang eller kort – og at det eigentleg ikkje er nokon fast takt. Slikt er ikkje lett å nedteikna i noteskrift, og det er her den muntlege tradisjonen med overlevering frå slektsledd til slektsledd kjem inn som ein viktig kulturberar.

– *Du snakka litt om dette i innleiinga til konserten, då du sa at du hadde lært den gamle sjøfløyte-slåtten direkte frå Torbjørg Fykerud, som var fødd i 1828?*

Fakta

Draumkvedet i Storetveit



PRAKTUTGÅVE FRÅ SAMLAGET:
Moltke Moes restituerte versjon av Draumkvedet – saman med nokre av Gerhard Munthes illustrasjonar frå utgåva som kom i 1904 – blei nytutgjeven av Samlaget forlag i 1993.

Draumkvedet-tradisjonen i Storetveit kyrkje byrja fredag 13. februar 1998 – der Sondre Bratland framførde utdrag frå visjonsdiktet på ein konsert med religiøse folketonar ved Iver Kleive (orgel) og Kjersti Wiik (song). Kvart år sidan har Draumkvedet vorte framført i Storetveit kyrkjelyd på trettandags

jul (6. januar) – fram til 2017 i Fantoft stavkyrkje, sidan i Storetveit kyrkje. Brynhild Utne har vore primus motor sidan byrjinga, men gav frå seg stafettspinnen til kantor Jostein Aarvik i 2018. Kvedarar og musikarar har vore:

- 1999: Magne Skrede (musikklærer frå Nordfjord/Bergen)
- 2000: Ellen Bojer Nordstoga (lærer/fylkesmusikar frå Vinje)
- 2001: Dagne Groven Myhren (professor ved Universitetet i Oslo)
- 2002: Øyonn Groven Myhren (frå Oslo)
- 2003: Halvor Håkanes (frå Tinn i Telemark/Nesodden)
- 2004: Ingwill Marit Buen Garnås (frå Venabygd i Telemark)
- 2005: Berit Opheim (frå Voss)
- 2006: Åsmund Nordstoga (frå Vinje/Oslo)
- 2007: Linda Røyseth (frå Meland)
- 2008: Jon Svartdal og Sara Telnes Fjågesund (frå Bø og Seljord), med Torgeir Straand på fele (frå Telemark)
- 2009: Olav Sem (frå Heddal)
- 2010: Kim Andre Rysstad (frå Setesdal/Voss)
- 2011: Ingebjørg Harman Bratland (frå Vinje i Telemark)
- 2012: Asne Sunniva Søreide (frå Tysnes/Bergen)
- 2013: Bjørn Sigurd Glorvigen (frå Dovre/Oslo)
- 2014: Unni Løvlid (frå Nordfjord)
- 2015: Ingebjørg Lognvik Reinholdt (frå Seljord)
- 2016: Stein Versto (frå Vinje i Telemark)
- 2017: Knut Erik Jordstøyl (frå Vinje i Telemark) saman med Torgeir Straand på fele (frå Bø i Telemark)
- 2018: Sigrid Moldestad (frå Nordfjord/Bergen). Akkompagnerte seg sjølv på fele
- 2019: Berit Opheim saman med Per Jørgensen (trompet) og Sigbjørn Apeland (orgel)
- 2020: Lajla Storli saman med Steinar Ofsdal (fløyter og cello) og Steinar Wensaas (cittern og mandolin)

– Den melodien har nok gått gjennom nokre ledd sidan ho levde, ja, og blitt litt forandra for kvar gong – men antakeleg ikkje så mykje, seier han.

– No skal ein gjerne finne fram til sitt eige uttrykk, men det betyr ikkje at ein skal gjere noko heilt annleis. Knut Buen seier at ein først skal ape, så skape; at ein faktisk kopierer læremeisteren sin – og så blir det annleis uansett.

– Det er fint at folkemusikken har ei slik autentisk kjensle, legg Storli til.



GAMALT DIKT MED AKTUELL BODSKAP: – Kanskje me kan bruke Draumkvedet som ein lede-tråd til å vere litt snillare med oss sjølv, seier Lajla Storli, som framførte det gamle visjonsdiktet saman med Steinar Ofsdal (til venstre) og Espen Wensaas (til høgre).

MUSIKK MED KANTAR

– Eg synest også at det er folkemusikarar som skal halde på med renessansemusikk og middelaldermusikk, seier Ofsdal.

– Dette har liksom vore dei klassiske musikaranes domene, men dei spelar den jo berre som romantisk musikk, medan me framfører den med autentisitet. Eg brukar ikkje ord som rett eller gale, men kanskje folkemusikarane får betre fram korleis den var opphavleg.

– **At det ikkje treng å vere så straumlinjeforma og pent, liksom?**

– Jau, det synest eg at det skal vere. Det skal vere ordentleg spela.

– **Men er det ikkje slik at musikken mistar noko om du ikkje får litt kantar og feilskjær?**

– Du må kjenna at det er eit menneske som spelar, men det gjer ein som oftast, seier Storli.

– Eg hadde ein del rufs i dag som eg var misnøgd med, men så tenkte eg at ok, det gjer ingenting, medgjev Ofsdal.

– Det var veldig kult, eg synest rufs er kult, seier Storli.

– Noko rufs er kult, men ikkje alt, seier Ofsdal.

– Ja, alt har ein balanse, seier Storli.

NÅR FØTENE SPELAR MED

– Det er også noko med at dei ulike sjangrane har ulike måtar å tilnærma seg stoffet på, seier Espen Wensaas.

– Folkemusikarar har dansespekinga. Den nærleiken ein då får til publikum er annleis enn den dei klassiske musikarane får.

– **Ja, for mykje av renessansemusikken var vel laga for dans?**

– Ja, og det var jo dansar det me spela i innleiinga i dag.

– Dans er kjempeviktig; det er ein del av alt, filosoferar Storli.

– **Slik som i «Tre nøtter til Askepott», der dei spelar opp til dans med den same melodien, på nytt og på nytt?**

– Ja, du-du-du-dududu (syng ho). Den kan eg utanboks, for den har eg høyrte mykje på.

Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00
v/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70 • www.thk.no

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

Kjære leser!



Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.

Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti

Kirken kartlegger LHBT-utfordringer

Kirken gjennomfører nå en større arbeidslivsundersøkelse om utfordringer på arbeidsplassen for kirkelig ansatte med LHBT-identitet.

TEKST: KIRKEN.NO



VIKTIG KARTLEGGING: – Jeg oppfordrer alle ansatte til å svare på spørreundersøkelsen når den sendes ut, sier Arne Grønningsæter, her sammen med Eleanor Brenna. (Foto: Heidi Olsen/Kirkerådet)

– Vi mangler ikke bare kunnskap om arbeidsforholdene blant LHBT-personer i Den norske kirke. Vi har også lite kjennskap til holdninger til LHBT blant ansatte i Den norske kirke generelt, sier Eleanor Brenna, som leder Kirkerådets LHBT-utvalg.

– Jeg er veldig glad for at denne undersøkelsen nå skal gjennomføres. Dette vil gi oss viktig kunnskap om hvordan det er å være kirkelig medarbeider med LHBT-identitet. Ikke minst er det viktig for oss som arbeids-

giver å ha slik kunnskap. Kirken skal være et trygt og inkluderende arbeidssted – for alle, sier lederen i Kirkerådet, Kristin Gunleiksrud Raaum.

Undersøkelsen vil spørre om erfaringer fra rekrutteringsprosesser, samarbeid mellom ulike grupper ansatte (og frivillige), opplevd diskriminering knyttet til legning, kultur for uenighet og endringer etter Kirkemøtets vedtak om vigselsturgi i 2017.

Undersøkelsen omfatter alle ansatte i Den norske kirke, både i de kirkelige fellesrådene, bispedømmene og Kirkerådet. Den vil bestå av en kvalitativ del med dybdeintervju blant et utvalg ansatte, samt masseundersøkelse blant alle ansatte. Undersøkelsen skal etter planen sendes ut i månedsskiftet januar/februar 2020.

Kirkerådets LHBT-utvalg ble nedsatt på Kirkerådets møte i september 2018. Utvalget har en toårig funksjonsperiode og skal jobbe ut 2020. Medlemmer i utvalget er Eleanor Brenna (leder), Alex R. Døsvik, Kai Steffen Østensen, Jan Otto Myrseth, Halvor Moxnes, Kristine Sandmæl og Linn Maria Kierulf.

Som en del av mandatet skal det gjennomføres en arbeidslivsundersøkelse. Det er Fafo i samarbeid med Kifo som står som ansvarlig for gjennomføringen med prosjektledelse fra Fafo. Prosjektleder er Arne Grønningsæter.



Bibeldagen i Bergen

Tradisjonen tro inviteres det til økumenisk samling i Nygård kirke for Bergen og omland på bibelsøndagen 9. februar.

Årets prosjekt er bibler til Kina, og vi får i den anledning besøk av Kua Wee Seng, som er leder for bibelarbeidet i Kina for De forente Bibelselskaper, sammen med leder for Det norske bibelselskaps bibelmisjon Bernt G. Olsen.

Det kommer også andre gjester med kjennskap til Kina.

Nygård kirke, søndag 9. februar kl. 18.00

LEDER BIBELARBEIDET I KINA: Kua Wee Seng fra Singapore er styremedlem i Amity Press, som eier det store bibeltrykkeriet i Nanjing, og er leder for bibelarbeidet i Kina i regi av De forente Bibelselskaper.

En annonse i menighetsbladet når de fleste husstander i Osterøy, Biskopshavn og bydelene Åsane og Arna.

For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på

M: 99550787
epost: thh@bkkfiber.no



www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook



EIDSVÅG AUTO AS

Aut. bilverksted • Karrosseri
Lakkeringsverksted
Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg



Tlf. 55 25 10 20



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

• Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv
• Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.

Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no • www.agbergen.no



Advokatfirmaet

Sigrun Pedersen M.N.A.

Arv/gaver

Barnerett

Familierett

– sambo/ekteskap

Samlivsbrudd

Kjøp/salg fast eiendom
– bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

Tlf.: 55 18 86 00

advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Rolf's Matbu og Selskapsservice

EIDSVÅG I ÅSANE • 29 ÅRS ERFARING

Vi leverer eller du henter!

VI LAGER MAT TIL:

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane
Tlf: 901 58 960 • post@rolfsmatbu.no
www.rolfsmatbu.no

Kjøkken • Bad • Garderobe

Salhusveien 55, 5131 Nyborg

Tlf. 55 53 98 40

www.jcinterior.no

JC INTERIØR

Besøk en av Norges største shop in shop



LENE BJERRE DESIGN

since 1985

Herlige ullklær til hele familien får du på **Janus Kultursenter**, Espeland eller på nett: www.janus.no



I ÅSANE KIRKE

Babysang for de minste

› Mandag og torsdag kl 12.00

Kom og bli med på babysang i det flotte kirkerommet i Åsane kirke! Sammen synger vi velkjente barnesanger og regler. Sangene gjør vi levende ved hjelp av bevegelser og sansestimulering.

Aktiviteter for de større

- › Løvegjengen (4-åringene)
- › Førskolegruppe
- › Formingsaktiviteter
- › Leker og materiell
- › Lekerom og gymrom
- › Snekkerbod


Andre aktiviteter og fellesarrangementer

- › Felles samlingsstund
- › Karneval og julefest
- › Turdager/utflukter
- › Åpne familiedager
- › Internasjonal dag
- › Babymassasjekurs

Se vår hjemmeside www.aasanemenighet.no og

Stjernen Åpen barnehages Facebook-side «Stjernen Åpen barnehage». Her finner du info om hva som skjer i tiden som kommer. Har du spørsmål? Kontakt styrer Kate Bølstad: 55 36 22 62 / 917 24 471.

Hjertelig velkommen!



www.aasanemenighet.no



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave


Tusenvís av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)

Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr. 100)





Ein grunnmur for livet

Eg føler meg heldig som har fått vakse opp i ein heim som har lært meg opp i å setja Gud som leiar i livet, og Jesus som frelsar.

AV HILDE RANNESTAD

Trua mi blir ein grunnmur som eg kan byggja livet mitt på. Det vil stå fast uansett kva eg tenkjer, tvilar, undrar og føler. Ho vil liggja der i botn og stå fast, for mine dagar svingar opp og ned. Nokre dagar er livet enkelt og Gud følest nær, andre dagar er livet vanskeleg og Gud følest veldig fjern. Då er det viktig at det ikkje er mine følelsar som bestemmer kven Gud er.

Det å tru er ikkje å prestera og oppfylle ulike krav. Eg kan få kvila i det som Jesus gjorde. Det å tru er å stola på Bibelen og stola på Gud. Det å kunna snakka med Gud gjennom bønn og lesa i Bibelen. Fortelja om det som er vanskeleg og få takka for alt det gode eg har fått. Det gjeld alt frå store ting, som alvorleg sjukdom, til små bekymringar om kvar eg har lagt bilnøklane. Eg veit at Han alltid lyttar.

Gud vil så gjerne vera saman med meg, han elsker meg så høgt at han sende sin eigen son til jorda, født i ein stall. Jesus måtte gå gjennom mykje smerte her for å ta på seg mi skuld, og til

slutt døy, men i Bibelen står det at han stod opp att etter tre dagar. Dette gjorde han for at eg kan få ha eit val om å koma saman med Gud igjen i himmelen. Alt eg treng, er å tru på vår Gud og Jesus, som min frelsar. Eg har valt å tru.

«For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh. 3, 16)



Hilde Rannestad (foto: Privat)

Juleevangeliet 2019-filmen sett 400.000 ganger

– Vi ønsket å formidle juleevangeliet så enkelt som mulig, fortalt av folk, sier kirkerådsleder Kristin Gunleiksrud Raaum.

TEKST OG FOTO: KIRKEN.NO

– Juleevangeliet er kalt verdens vakreste tekst. Den forteller om at Gud ble menneske, midt blant helt vanlige folk. Dette er en tekst mange har et godt og sterkt forhold til, sier hun.

I filmen, som ble lansert i midten av desember, blir juleevangeliet lest av mennesker som på ulikt vis var aktuelle i 2019. De to smilende seksåringene startet i første klasse, Olav Thon giftet seg i høy alder, noen har gitt ut bok, andre har vært godt synlige i politikken, og en kjent idrettsutøver fikk livet snudd opp ned på grunn av kreftsykdom.

– Å høre og se en så kjent tekst lest av mennesker man vanligvis ser i en annen kontekst, har opplagt gitt ny dybde. I løpet av to uker, fram til nyttår, ble filmen sett mer enn 400.000 ganger i sosiale medier. Mange har kommentert at de er rørt, glade og at de har valgt å se den flere ganger, forteller Gunleiksrud Raaum.



FRA FOLKET TIL FOLKET: – Engelen sier at han kommer med en glede som er for hele folket, og da syntes vi det var fint at det var folk som leste evangeliet, sier Kristin Gunleiksrud Raaum, leder i Kirkerådet.

Filmen kan sees på Den norske kirkes nasjonale Facebook-side ([facebook.com/watch/dennorskekirke](https://www.facebook.com/watch/dennorskekirke)). Totalt har det vært 25.800 reaksjoner, kommentarer og delinger av filmen. Bare noen titalls kommentarer har vært negative.



Å høyra til

AV KRISTIN HJERTAKER, SOKNEPREST I ARNA

Alle treng vi å høyra til; i ein familie, vennegjeng, nabolag, skuleklasse, på ein arbeidsplass, på eit lag. Og mange av oss treng også å høyra til i ein kyrkjelyd eller ei forsamling.

Å høyra til inneber å bli rekna med. Eg har ein funksjon, ei oppgåve, ein plass som er min plass. Og om eg ikkje dukkar opp, merkast det. Forhåpentlegvis.

Men vi menneske er veldig ulike og har ulike behov. Somme treng mykje av det sosiale, andre berre litt av og til. Somme treng å vera etterspurt og å få oppgåver heile tida, andre synest det er fint å berre *vera*; få sitja åleine.

Eit raust og godt fellesskap gir rom for at menneske er forskjellige. Mangfald, både i uttrykksform og meiningar, kan vere ein stor ressurs. Dette erfarer både organisasjonar og bedrifter som jobbar med dette.

Men nokre gonger snakkar eller syng vi forbi kvarandre. Måten vi uttrykkjer oss på om trua eller livet blir så forskjellig at vi misser det vi har felles av syne. Eller nokon blir så oppteken av å «vinna» ein diskusjon eller ein arena, at ein gløymer omsynet til den andre. Då kan det enda i uro eller konflikt, der kanskje den eine parten ikkje lenger føler at han høyre til i fellesskapet lenger.

Som sokneprest i Arna er mitt største ønske at alle som ønskjer det kan kjenna seg heime i kyrkja. På tvers av og trass i forskjellar, og anten ein kjem ofte eller sjeldan til kyrkje. At du, når du køyrer eller går forbi, kan sei inni deg eller høgt: Der er mi kyrkje! Der er eg døypt, og der høyre eg til. Der er det plass til meg, slik eg er. Der kan eg møta Gud, slik eg er – og bli sett og tålt av dei andre, slik eg er.

SLEKTERS GANG

Døpte:

ARNA SOKN

27.10.2019 EMIL POLMITH BRATLAND
 27.10.2019 LEA GULLAKSEN
 27.10.2019 DAGNY GUNNARSKOG JUSTAD
 27.10.2019 ADA KVANT KILVIK
 27.10.2019 MIKKEL SKJOLDAL
 27.10.2019 OLE MAGNUS SLEIPNES
 03.11.2019 MADELEN SÆLE HAUGE
 10.11.2019 IDA BOGE
 10.11.2019 MATHIAS CLAUSSEN
 10.11.2019 EMMMA TANGERUD HAVRE
 10.11.2019 CASPIAN NAPOLEON HELLA MONSEN
 10.11.2019 ASTA REIGSTAD TVEIT
 16.11.2019 OSKAR STEINSETH BIRKELAND
 08.12.2019 OLIVER NORDÅS
 08.12.2019 WILLIAM VEIVÅG RASMUSSEN
 15.12.2019 HÅKON SYSLAK HEGGELUND

YTRE ARNA SOKN

27.10.2019 MELINE SØGNESAND KVAMSDAL (SALHUS)
 16.11.2019 OSKAR STEINSET BIRKELAND
 17.11.2019 JOAKIM RØYSETH ULEVIK
 22.12.2019 HENRY ANGELTVEIT ZERAFA
 05.01.2020 BENJAMIN AKSE KENEFE
 05.01.2020 DAVID AKSE KENEFE
 05.01.2020 LEO EMILIAN KVALSVIK
 05.01.2020 ÅSMUND HUSDAL

Døde:

ARNA SOKN

Gravferd:

01.11.2019 BJØRN HENRIK HELGESEN
 08.11.2019 ERIK GUSTAVSEN
 12.11.2019 MAGNUS OLAI BRURÅS
 22.11.2019 NELLY BIRKELID
 03.12.2019 MARTA STANA
 06.12.2019 TORE ROALD LEISTAD
 12.12.2019 BRYNJULV HJARTHOLM
 13.12.2019 IVAR SUNDE
 19.12.2019 KRISTIAN MUGAAS KLUNGRESETH
 19.12.2019 KIRSTEN RÅDMANNSØY
 03.01.2020 MÅLFRID JOHANNA SELLEVOLL EKANGER
 07.01.2020 SVEIN OLAV HEGGERTVEIT
 10.01.2020 GUNVALD ANDREAS BØE

YTRE ARNA SOKN

29.10.2019 ASLAUG KONSTANSE BRUNSVIK JOHANSEN
 15.11.2019 KAREN REVHEIM
 29.11.2019 MARGIT SKAAR
 07.01.2020 HULDA GRINDE


Temaserie i Ytre Arna våren 2020

Ten den sanne Gud; vent Son hans frå himmelen
 (1. Tessalonikarbrev).


- Sondag 9. februar kl. 11.00: Haugland bedehus. De fekk overlevert Guds ord - 1 Tess 2,1-14. Ole Corneliussen.
- Sondag 15. mars kl. 11.00: Ytre Arna kyrkje. Gjer framsteg - 1 Tess 4,1-12. Ingvar Fløysvik.

- Onsdag 22. april kl. 19.00: Ytre Arna bedehus. Når erkeengelen lyfter si røyst - 1 Tess 4,13-5,11. Reidun Skurtveit.
- Sondag 24. mai kl. 11.00: Ytre Arna bedehus. Så de kan vera ulastelege når Herren kjem - 1 Tess 5,12-28. Odd Sverre Hove.

Arna kyrkje



Ytre Arna kyrkje



Velkommen til kyrkje

02.02.2020

6. søndag i openberringstida - Mark 2,1-12
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til Hvite bånd, Bjørgvin.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Bibeldagsgudsteneste (tekst: Luk 8,4-15) – saman med bedehusa. Trond Wathne. Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til Bibelselskapet. Sundagsskule.

09.02.2020

Såmannssundagen - Luk 8,4-15
Arna kyrkje kl. 11.00: Felles bibeldagsgudsteneste. Steinar Opheim, Ingvar Fløysvik + pastorar. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet. Sundagsskule.

16.02.2020

Kristi forklaringsdag - Matt 17,1-9
Arna kyrkje kl. 11.00: Karnevalsgudsteneste for små og store. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.
Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Ytre Arna barnevokal. Takkoffer til misjonsprosjektet China Lutheran Seminary.

19.02.2020

Onsdag e. Kristi forklaringsdag
Arna kyrkje kl. 19.00: Klubbgodsteneste. Kristin Hjertaker.

23.02.2020

Fastelavnssundag - Joh 17,20-26
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS i Norge, Bjørgvin.

01.03.2020

1. søndag i fastetida - Matt 4,1-11
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Øystein Skauge. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS. Sundagsskule.

08.03.2020

2. søndag i fastetida - Matt 15,21-28
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Sundagsskule.

11.03.2020

Onsdag e. 2. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 19.00: Klubbgodsteneste. Ingvar Fløysvik.

15.03.2020

3. søndag i fastetida - Luk 11,14-28
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Klubben deltek. Dåp, nattverd. Takkoffer til Klubben for funksjonshemma i Arna. Årsmøte.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Temagudsteneste: «Gjer framsteg» (1 Tess 4,1-12). Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd. Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule. Årsmøte.

22.03.2020

Maria bodskapsdag Luk 1,26-38
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Sundagsskule.

29.03.2020

4. søndag i fastetida - Joh 11,45-53
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Samtalegudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

05.04.2020

Palmesundag - Joh 12,12-24
Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd.

09.04.2020

Skjærtorsdag - Matt 26,17-30
Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Nattverd. Takkoffer til NLA Høgskolen.
Arna kyrkje kl. 18.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Nattverd.

10.04.2020

Langfredag Mark 14,26-15,37
Arna kyrkje kl. 11.00: Langfredagsgudsteneste. Ingvar Fløysvik.
Ytre Arna kyrkje kl. 17.00: Langfredagsgudsteneste. Ingvar Fløysvik.

12.04.2020

Påskedag Luk 24,1-9
Arna kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Kristin Hjertaker. Dåp, nattverd.
Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd. Takkoffer til misjonsprosjektet China Lutheran Seminary.

13.04.2020

2 påskedag - Luk 24,13-35
Betania bedehus, Lone kl. 11.00: Gudsteneste. Kristin Hjertaker. Nattverd.

YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR

Tlf: 55 36 22 70

E-post: arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Postadresse: Arna kyrkjekontor
Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Heimeside Arna kyrkjelyd: kyrkja.no/arna

Heimeside Ytre Arna kyrkjelyd: kyrkja.no/ytrearna

Arna kyrkjelyd på Facebook: www.facebook.com/arnakyrkje

Ytre Arna kyrkjelyd på Facebook: www.facebook.com/ytrearna

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?
Kontonummer Arna: 3633.07.10831, VIPPS 11237
Kontonummer Ytre Arna: 3633.30.02625

Besøksadresse: Lakslia 21, (Kyrkjelyds huset)
Indre Arna

Opningstid: Tysdag til fredag 10-14
Torsdag 10-13

Kirketorget i Aasegården tar i mot henvendelser ang. dåp, vigsel og gravferd: Tlf.: 55 59 32 10.

Soknerådsleiar Arna: Hans Martin Svarstad

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jorunn Haukås

DEI TILSETTE I KYRKJELYDANE

Sokneprest Ingvar Fløysvik

E-post: if952@kyrkja.no
Tlf.: 55 36 22 75
Tlf.: 916 06 626

Sokneprest Kristin Hjertaker

E-post: kh937@kyrkja.no
Tlf.: 55 36 22 74
Tlf.: 414 79 182

Kateket Cathrine Snipsøy

E-post: cs262@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 72

Adm.leiar i Arna: Marianne W. Fanebust

E-post: mf934@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 71

Adm.leiar og medarbeidarkoordinator i Ytre Arna: Benthe Vevle

E-post: bv467@kyrkja.no
Tlf.: 55 36 22 73

Medarbeidarkoordinator Arna

Møyfrid Opheim
E-post: mo532@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 78

Trusopplærar i Arna: Gro Eman

E-post: ge427@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 97

Kyrkjetenar Monica Ohr

E-post: mo886@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 76

Diakon Ytre Arna: Marit Bjørsvik

E-post: mb588@kyrkja.no
Tlf.: 480 23 145

Kantor i Arna: Olav Arne Steinkopf,

E-post: os377@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 98

Kantor i Ytre Arna: Bjørn Bergmann

E-post: bjorn.bergmann@bkkfiber.no

Marianne Hjortland trusopplærar og diakonimedarbeidar

E-post: mh798@kyrkja.no
Tlf.: 55 36 22 95

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Arna kyrkjekontor, Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktøransvar: Magne Fonn Hafskor
mobil: 92294877 / E-post: eyecu@online.no

Annonseansvarlig: Torill Hatlebrekke Husebø
Mobil: 995 50 787 / E-post: thh@bkkfiber.no

Lokal redaksjonsnemnd: Tor Oddvar Holmefjord, Ingvar Fløysvik og Harald Haugsvær.

Blad nr. 2-2020 kjem ut torsdag 26. mars.
Frist for levering av stoff lokalt er: fredag 6. mars.

Redaksjonen blir avslutta: fredag 13. mars.

Redaksjon kyrkjelydsblad Arna:

tor.holmefjord@bkkfiber.no

50 år sidan konfirmasjonen



50-ÅRSKONFIRMANTAR I ARNA: Geir Kristoffer Vassdal, Inge Agnar Hansen, Svein Inge Ramsdal, Atle Vidar Vik, Jan Ivar Hasti, Øystein Thunestveit Midlang, Ingar Romslo, Frode Minde, Tor Oddvar Holmefjord, Terje Holstad, Geir Indrearne, Anne-Grethe Angelsingård, Grethe Dale, Laila Karin Skjøndal Sæterdal, Anny Margrethe Skjelbreid Skålevik, Beate Aamot, Jorunn Ringås, Marie Elisabeth Toft Trengereid, Hildegun Marta Heimdal, Hildegunn Falkanger Mørk, Randi Strømme Dale, Laila Skauge Sandvik og Nora Strømme Sæle. Sokneprest: Jan Kåre Jakobsen. (Foto: Jon Tesdal).



50-ÅRSKONFIRMANTAR I YTRE ARNA: Bakerste rekke frå venstre: Jan Havre, Irene Gaupås Schille, Inge Løtveit, Magne Eggen, Torgeir Norland, Svein Bruvik og Jarle Blomdal. Rekke 3: Sokneprest Ingvar Fløysvik, Marit Andreassen, Aud Loftås Cristensen, Lasse Leknesund, Kjell Einar Revheim, Jarle Vik og Godtfred Haugland. Rekke 2: Marit Blomdal, Eva Elisabeth Joensen, Unni Langeland Eskeland og Anne Kristine Øhman. Fremste rekke: Liv Selbakk, Gerd Kalsås Bernes, Astrid O. Nordland Andersen, Kari Røisæth, Rigmor Haugland Sivertsen og Ove Johan Rønhovde. (Foto: Tor Oddvar Holmefjord).